Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding frå Ørsta idrettsråd, 2022

Årsmøtet i 2022 vart halde i klubblokala til Ørsta IL i Ørstahallen den 12. mai.
Styret i Ørsta idrettsråd i 2022:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Siri Dahl Masdal	Vartdal TIL
Kasserar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Gaute Holen	Sæbø IL
Styremedlem	Jostein Bjørdal	Åmdal IL
1. vara	Ingvild Øye	Hovdebygda IL
2. vara	Margrete H. Øyehaug	Ørsta ride- og køyreklubb

Kontrollutval:
Jon Helge Bjørndal, Vartdal TIL
Rita Myking, Åmdal IL
Bente Ørsal, vara, ØIL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Sven Castberg	Ørsta IL
Nina Hustad	Sæbø IL
Vara: Sindre Skurtveit	Hovdebygda IL

I hallstyret er det også to politisk valde representantar, pluss dagleg leiar for Ørstahallen.

Valnemnd:

Arnar G. Holen	Sæbø IL
Øyvind Festø	Sunnmøre klatreklubb
Richard Olsen (vara)	Åmdal IL

Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 20 medlemslag med til saman 4000 medlemmer (opp frå 3643 medlemmer i 2021). Eitt medlemslag har ikkje rapportert innan fristen, og kan bli tvangsutmeld frå idrettsforbundet.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2022 kr. 913 550 (kr. 1 015 155 i 2021) til fordeling mellom medlemslaga. Styret gjer fordelinga etter NIF sine føringar og interne føringar frå årsmøtevedtak. Det er svært viktig at laga gjer god jobb i idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2017: kr. 50 000
2018: kr. 45 000
2019: kr. 45 000
2020: kr. 40 000
2021: kr. 44 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten:
2017: kr. 69 000
2018: kr. 56 000
2019: kr. 50 000
2020: kr. 70 000
2021: kr. 40 000
2022: kr. 52 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og kulturføremål)

Aktivitet i 2022

Det var fire styremøte i løpet av året. Det meste av kommunikasjonen i styret skjer via e-post.
Det var to medlemsmøte (om anleggsplanar og lokale aktivitetsmidlar). Leiar og nestleiar deltok på idrettskretstinget på våren, og styremedlem Bjørdal deltok på anleggskonferanse i Molde på hausten.
Vi var aktive i rullering av handlingsprogrammet til «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet» (full rullering av planen i 2023), og vi ga innspel i den utfordrande saka om veg-tilkomst til Aurstad arena (ØIL).

Ørsta idrettspark AS

Selskapet vart starta med oppgåve å prosjektere fleirbrukshall på Mosflata. Eigar var Ørsta idrettsråd (51 %) og Ørsta kommune (49 %).
Selskapet har vore aktivt med på prosjektering av Ørstahallen, og seinare hatt som hovud-oppgåve å investere i utstyr til denne. Midlane til selskapet kjem frå næringslivet og kommunen.
Generalforsamlinga 2022 vedtok oppløysing av selskapet frå 31.12.2022. Restmidlane ved årsskiftet (ca. 250 000) vart overført til idrettsrådet.

Nye anlegg

Den flotte ridehallen til Ørsta hest vart opna formelt i 2022.
Ørsta skisenter fekk i drift eit utvida snøproduksjonsanlegg til sesongen 2022/23.
Vartdal TIL er godt i gong med sitt nye klubbhus, som truleg blir ferdig i 2024.
Det neste store anlegget vi ventar på, er den nye symjehallen ved Ørstahallen. Kanskje byggestart i 2024?

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Status for idretten i Ørsta

I kommunen er det mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Etter pandemien var idretten tilbake på meir normalt nivå i 2022, sjølv om enkelte lag og idrettar slit framleis. Vi ser at det også er meir utfordrande å få vaksne med på dugnadar og tillitsverv.

For å skape aktivitet må vi ha anlegg. Dei siste åra er det realisert fleire kostbare anlegg i kommunen. Og det er framleis høge ambisjonar. «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet» er til rullering i 2023, og dette er eit godt høve til å føreslå nye anlegg.

Dei fleste lag driv først og fremst med breiddeidrett, men vi finn også tilbod til dei som vil utvikle seg vidare, både innan lagidrett og individuell idrett.

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Ørsta, 11. juni 2023

Erlend Andersen **Siri Dahl Masdal** **Gaute Holen**

Tone Jøssang **Jostein Bjørdal**